



DET KONGELEGE
FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENT

Høyringsinstansane

Dykkar ref

Vår ref

Dato

**HØYRINGSBREV - FORSLAG TIL FORSKRIFT OM SÆRSKILDE KRAV TIL
AKVAKULTURRELATERT VERKSEMD I HARDANGERFJORDEN.**

1. INNLEIING

Fiskeri- og kystdepartementet vil fastsetje særskilde krav til akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden. Vedlagt (././.) er utkast til forskrift.

Kort fortalt omhandlar høyringsbrevet følgjande:

- Det geografiske og saklege verkeområdet for forskrifta
- Reglar om tak på biomasse
- Krav om godkjenning frå Mattilsynet før flytting av fisk
- Krav til brønnbåtar

Frist for merknader er sett til **18. november 2009**. Fråsegnene skal sendast til Fiskeri- og kystdepartementet PB 8118 Dep, 0032 Oslo eller per e-post til postmottak@fk.d.dep.no.

Liste over adressatane er vedlagt. Vi ber om at instansane sjølve legg høyringsbrevet fram for eventuelt interesserte underliggande etatar og organ.

2. BAKGRUNN

Hardangerfjorden er eit område som har spesielle og særeigne utfordringar. Fjorden har mange lokalitetar i bruk og stor biomasse av oppdrettsfisk. Både ståande biomasse og produksjon er meir enn dobla sidan 1997. Forholda for oppdrett av laks i fjorden har

vore sett på som svært gunstige, og mange selskap ønskjer å flytte inn fleire produksjonsløyve til dette området.




Fig 1: Tildelt biomasse i Hardangerfjorden for laks, aure og regnbøgeaure. Alle tal i tonn. Kjelde: Fiskeridirektoratet

Hardangerfjorden er samstundes ein av dei viktigaste fjordane for vill laksefisk i Hordaland. Tilstanden for laksebestanden er no vanskeleg, og sjøaurebestandane i midtre Hardangerfjord er på eit lågt nivå. Det er fagleg semje i forskingsmiljøa og forvaltninga om at lakselus og rømd oppdrettsfisk er dei viktigaste årsakene til problema for vill laks og sjøaure i dette området.

Fiskeri- og kystdepartementet vurderer det slik at situasjonen i Hardangerfjorden krev spesielle forvaltningsgrep.

Departementet ga difor 8. april 2008 Mattilsynet og Fiskeridirektoratet ein instruks (instruksen) om særskilde tiltak innanfor Hardangerfjorden med formål om å "fryse" situasjonen. Samstundes blei det gjort ei forskriftsendring som suspenderte melderegelen i forskrift 22. desember 2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur av laks, ørret og regnbueørret (laksetildelingsforskriften) § 37, jf. § 37 siste ledd. Det blei dermed ikkje mogeleg å flytte inn ytterlegare biomasse i Hardangerfjorden. Fiskeridirektoratet fekk også i oppdrag å utarbeide eit forslag til forskrift om nytt forvaltningsregime i fjorden.

Arbeidet til Fiskeridirektoratet har vore organisert gjennom eit prosjekt kalla "Prosjekt berekraftig oppdrett på Vestlandet". Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Fiskeridirektoratet, Mattilsynet og Fylkesmannen. I arbeidet med forskrifta vart det også gjennomført eit informasjonsmøte i Norheimsund 16. september 2008. Der deltok både næringsaktørar og representantar frå forskingsinstitusjonar, kommunar og

interesseorganisasjonar. Prosjektgruppa sitt forslag til ny forskrift blei sendt til Fiskeri- og kystdepartementet saman med enkelte forslag til justeringar frå Fiskeridirektoratet.

Forslaget som no blir sendt på høyring byggjer i stor grad på forslaget til Fiskeridirektoratet, og vil vere ein del av tiltaka til forvaltninga for å sikre ei berekraftig havbruksnæring i Hardangerfjorden.

3. NÆRARE OM FORSLAGET

3.1 Geografisk verkeområde

Det geografiske verkeområdet går fram av § 3 i forslaget, jf. vedlegg 1 til forskrifta. Departementet foreslår at forskrifta skal gjelde innanfor eit område som omfattar Hardangerfjorden, Klosterfjorden og Bømlafjorden.

På bakgrunn av ei fagleg vurdering av straumretningane i fjordområdet, er det mogeleg at verkeområdet til forskrifta bør utvidast noko, slik at forskrifta også omfattar området Langenuen. Fiskeri- og kystdepartementet ber om høyringsinstansane sitt syn på dette spørsmålet.

I Ølen-Vindafjord ligg det tre lokalitetar som høyrer inn under Fiskeridirektoratet region Sør sitt forvaltningsområde. Det er likevel viktig at desse blir forvalta på same måte som dei andre lokalitetane i Hardangerfjorden. Fiskeri- og kystdepartementet vurderer difor å leggje nordre del av Ølen-Vindafjord inn under Fiskeridirektoratet region Vest forvaltnings- og kontrollmessig, dvs. at løyve tildelt desse innehavarane i Hardangerfjorden elles kan meldast inn på desse lokalitetane. Ein slepp då å få ei eiga "Rogalandsone" innanfor Hardangerfjordområdet. Fiskeri- og kystdepartementet ber om høyringsinstansane sitt syn på dette spørsmålet.

3.2 Sakleg verkeområde

Departementet foreslår at forskrifta skal gjelde oppdrett av laks, aure og regnbogeaure i sjø, jf. § 2 i forslaget. Vi har vurdert om oppdrett av marin fisk også burde omfattast av verkeområdet. Den kunnskapen vi har i dag tilseier ikkje at marin fisk utgjer eit problem når det gjeld lus på ville bestandar av laksefisk. Når det gjeld eventuelle problem med overgjødsling har Havforskningsinstituttet vurdert det slik at *"total bæreevne med hensyn på menneskeskapte bidrag herunder organisk belastning fra fiskeoppdrett er etter vårt syn ikke nådd i Hardangerfjorden"*. Fiskeri- og kystdepartementet foreslår difor at marin fisk ikkje skal vere omfatta av verkeområdet til denne forskrifta.

Uavhengig av forslaget til ny Hardangerfjordforskrift, arbeider oppdrettsnæringa med å få på plass ein betre lokalitetsstruktur i området, bl.a. for å redusere risikoen for spreiding av sjukdomar. Departementet meiner på denne bakgrunnen det vil vere

uheldig å gi nye løyve til marin fisk i Hardangerfjorden og foreslår difor å stanse tildeling av slike løyve i området, sjå separat forslag til endring av forskrift om tildeling av tillatelse til akvakultur av andre arter enn laks, ørret og regnbueørret. Høyringsbrev med tittel "Nye bestemmelser om torskeoppdrett", er tilgjengeleg på www.regjeringen.no/fkd.

3.3 Avgrensing av produksjonen

Løyve til havbruk med laks, aure og regnbogeaure er avgrensa på to nivå:

- Selskapsnivå, dvs. kor mykje biomasse selskapet har lov til å ha i sjøen til ei kvar tid.
- Lokalitetsnivå, dvs. kor mykje biomasse selskapet kan ha på den enkelte lokalitet til ei kvar tid.

Etablering og utviding av lokalitetar i Hardangerfjorden

Det går fram av § 5 i forslaget at det ikkje er tillate å gi løyve til etablering eller utviding av lokalitetar i Hardangerfjorden. Vidare vil det ikkje vere tillate å gi melding om samlokalisering av løyve til havbruk inn til eller innanfor verkeområdet. Dette inneber inga endring av dagens tilstand og følgjer av instruksen. Formålet med føreseigna er å stanse ytterlegare oppbygging av produksjonskapasitet innanfor verkeområdet til forskrifta. Det vil, saman med forslaget i § 6 om reduksjon av taket på biomasse i Hardangerfjorden, dei nye reglane for kontroll av lus i akvakulturanlegg, og Mattilsynets avlusingskampanjar, vil i sum hjelpe til at lusepresset på ville bestandar av laksefisk kan minke.

Det følgjer av § 5 andre ledd at styresmaktane kan gi dispensasjon frå forbodet mot å klarere nye eller utvide lokalitetar og å samlokalisere etter ei konkret vurdering, såframt dette gir ein samla og klar gevinst for fiskehelse og miljø. "Fiskehelse og miljø" omfattar til dømes bereevna til fjordområdet, forhold knytte til viltlevande bestandar av laks og sjøaure og langsiktige utviklingsmåtar for havbruksnæringa.

Når det gjeld område Granvin, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang og Odda har det har vore eit ønske om å bruke dette området eksklusivt for stamfiskproduksjon av laks, aure og regnbogeaure. Kommunane innerst i Hardanger ønskjer på si side at det ikkje blir etablert havbruk av noko slag i dette området og dei har ikkje område merka av for havbruk i kommuneplanane sine. Heller ikkje Fylkesmannen ønskjer flytande oppdrettsanlegg i dette området. Departementet foreslår på denne bakgrunn at det ikkje skal vere mogeleg å gi dispensasjon til å klarere nye eller utvide lokalitetar i kommunane Granvin, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang og Odda.

Tak på biomasse for laks, aure og regnbogeaure i Hardangerfjorden

Instruksen forbyr etablering eller utviding av lokalitetar i Hardangerfjorden. Likevel kan produksjonen auke innanfor dei lovlege rammene som finst i dag. Fiskeri- og kystdepartementet meiner ein slik auke i produksjonen vil vere uheldig og ikkje i

samsvar med dei omsyna "frysvedtaket" skal vareta. Tal frå Fiskeridirektoratet viser at det ikkje på noko tidspunkt i 2008 stod meir 48 357 tonn fisk i Hardangerfjorden. I forslaget til forskrift § 6 foreslår difor departementet at summen av løyve på selskapsnivå i Hardangerfjorden frå 1. oktober 2011 ikkje skal overstige 50 000 tonn MTB, noko som vil innebere ein reduksjon på ca 20 000 tonn MTB i forhold til total tildelt produksjonskapasitet i fjordsystemet. Fiskeridirektoratet og Mattilsynet kan i særlege tilfelle gi dispensasjon frå taket på biomasse, jf. utkastet til §§ 5 og 11.

Denne reduksjonen i tillaten biomasse kan skje på ulike måtar, og departementet har i forslaget til § 6 meldt to alternativ utan å ta stilling til kva alternativ som er å føretrekkje. Fiskeri- og kystdepartementet ber særleg om høyringsinstansane sitt syn på dette spørsmålet. Nedanfor vil vi kort greie ut om dei to alternativa.

Alternativ éin er at næringa sjølv går saman om eit forslag til korleis reduksjonen i tillaten biomasse skal skje og oversender dette forslaget til Fiskeridirektoratet. Forslaget frå næringa skal vere samstemt. Med "samstemt" meiner vi ikkje at alle partar skal vere heilt enige, men vi føreset at det er eit stort fleirtal som sluttar opp om forslaget – det vil seie 90 % eller fleire av oppdrettarane. Det går fram av forskrifta alternativ éin til § 6 tredje ledd at direktoratet skal leggje vesentleg vekt på forslaget når dei gjer sine vedtak. I tillegg kan direktoratet halde seg til enkelte nærare fastsette omsyn, som skal bidra til å sikre at vedtaket blir forholdsmessig og rimeleg for alle partar. Dersom dette forslaget blir valt, er det naudsynt at det finst ei løysing dersom næringa ikkje klarer å samle seg om eit forslag. Departementet foreslår då at Fiskeridirektoratet gjer vedtak, og at dei i saksbehandlinga legg vekt på omsyna nemnt i § 6 tredje ledd bokstav a-c.

Alternativ to er at Fiskeridirektoratet vurderer alle løyve som er knytt til lokalitetar i Hardangerfjorden ut frå visse kriterium, som ansiennitet, høve til å flytte ut av fjorden og kor stor del av gitt biomasse som er brukt i fjorden dei seinaste tre åra før frysvedtaket. Formålet med det siste kriteriet er å redusere løyva i størst mogeleg grad hos dei som faktisk ikkje utnyttar kapasiteten. Dei andre kriteria skal hjelpe til å sikre at vedtaka er proporsjonale. På den andre side vil dette forslaget gjere at styresmaktene må gjennomføre fleire vanskelege og skjønsmessige vurderingar. Sakshandsaminga vil difor krevje til dels store ressursar i forvaltninga.

Erstatning

Reduksjon av MTB kan medføre at nokre verksemder blir nøydde til å flytte eller redusere heile eller delar av verksemda si. Kostnadene må anten dekkjast av staten eller av oppdrettarane. Staten vil ikkje ha erstatningsansvar i ein slik situasjon fordi råderettsinnskrenkingar ikkje er erstatningsbetingande. Den næringsdrivande må i utgangspunktet sjølv ta risiko for endra rammevilkår og staten vil ikkje erstatte utgifter som følgje av vedtak om reduksjon av MTB på selskapsnivå. Departementet presiserer at MTB som ikkje kan nyttast i Hardangerfjorden, kan nyttast på klarerte lokalitetar i region Vest som ikkje er omfatta av verkeområdet til forskrifta. Dersom verksemder får

behov for å søkje om nye eller utvida lokalitetar utanfor Hardangerfjorden, må søkjar som vanlig betale gebyr etter forskrift 21. desember 2001 nr. 1597 om gebyr og avgift i forbindelse med akvakultur.

3.4 Brønnbåtar og transport av fisk

Flytting av fisk som er i sjøen er ein risikofaktor for utbrot og spreiding av sjukdom. Departementet foreslår difor i § 8 at Mattilsynet skal bli varsla og gi godkjenning før flytting av fisk. Forslaget tilsvarar i all hovudsak §§ 7 og 8 i forskrift 20. november 2007 nr. 1315 om sone for å hindre smitte og bekjempe pankreassjukdom hos akvakulturdyr. Føreseigna inneber difor ikkje nokon ny plikt for verksemdene, men Mattilsynet må i tillegg til risiko for spreiding av PD vurdere søknaden om flytting opp mot risiko for spreiding av lakselus.

Etter § 8 første ledd og første ledd bokstav a til e kan Mattilsynet stille vilkår for å godkjenne flytting av fisk. Vilkåra er hovudsakeleg dei same som i PD-forskrifta § 8.

Mattilsynet, fagmiljøa og oppdrettsnæringa er samde om at brønnbåtar er ei viktig årsak til spreiding av PD og lakselus. Av utkastet til § 9 går det fram at Mattilsynet kan gjere vedtak om å fastsetje farleier for brønnbåtar og forby at brønnbåtar har opne ventilar i heile eller delar av ei brønnbåtlei. Saman med forslaga i § 8 vil denne føreseigna gi Mattilsynet høve til å ha betre kontroll med brønnbåttrafikken.

3.5 Ikrafttreding og oppheving av forskrifta

Fiskeri- og kystdepartementet foreslår at forskrifta trer i kraft 1. januar 2010, slik at næringa kan tilpasse verksemda si.

Kva tid forskrifta skal opphevast er avhengig av tilstanden til miljøet i Hardangerfjorden. Styresmaktene vil arbeide vidare med å finne eigna indikatorar og effektmål som kan gi grunnlag for å vurdere når miljøforholda i Hardangerfjorden igjen kan forsvare auka oppdrettsverksemd. I den samanhengen blir det vist til regjeringa sin "Strategi for en miljømessig bærekraftig havbruksnæring", som blei lagt fram 1. april 2009.

4. ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSAR

For forvaltninga

Auka fokus på kontrollar i dette området må føre til hyppigare kontrollar innanfor enn utanfor Hardangerfjorden. I tillegg til fleire kontrollar vil innføring av eit særskild biomassetak i Hardangerfjorden føre til auka saksbehandlingsbyrde hos Fiskeridirektoratet og Mattilsynet. Auka tilsyn med lusenivå vil gi større arbeidsmengd for Mattilsynet. Vidare må det utviklast system og verktøy for kontroll og oversikt over

produksjon og løyve i eit avgrensa område. Både Mattilsynet og Fiskeridirektoratet må prioritere dei nødvendige ressursane innanfor tildelt ramme.

Frå 1. januar 2010 vil oppgåva med å tildele havbruksløyve bli lagt til fylkeskommunen. Denne forskrifta omhandlar i all hovudsak forvaltninga sitt tilsyn og kontroll med havbruksnæringa. Når det gjeld tilbaketrekking og endring av løyve på bakgrunn av miljøomsyn, heng dette så nært saman med tilsynsoppgåver, at oppgåva med å redusere produksjonskapasiteten i Hardangerfjorden vil bli lagt til Fiskeridirektoratet.

For næringa

Tiltaka i forskrifta vil på kort sikt kunne medføre auka utgifter og byrder for oppdrettarane. Departementet meiner oppdrettsnæringa totalt sett og over tid, likevel vil tene på dei føreslegne tiltaka. Tiltaka vil føre til betre sjukdomsstatus og betre felles handtering av drifta innan dei smittehygieniske fellesområda.

For miljøet

Det er venta at tiltaka i forskrifta vil gi positive effektar for ville bestandar av fisk og miljøforholda generelt i Hardangerfjorden.

Høyringsbrevet med vedlegg er også gjort tilgjengeleg på internett www.regjeringen.no/fkd under saker på høyring.

Med helsing

Magnor Nerheim
ekspedisjonssjef

Yngve Torgersen
avdelingsdirektør